



KVAM Næringsråd

nettverk for næringslivet

INNKALLING TIL ÅRSMØTE.

Stad: Thon Sandven Hotel - Norheimsund

Tid: Tysdag 21. februar 2017 kl 19.00

Kl. 19.00 Sakliste til årsmøtet.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.
3. Årsmelding 2016
4. Rekneskap 2016
5. Budsjett for 2017.
6. Handlingsplan for 2017
7. Medlemspengar for 2017
8. Val. – styre, revisor og valnemnd.
9. Kåring av årets verksemd i Kvam 2016

Etter at årsmøtesakene er ferdige vil Sveinung Kvalvik på Norhand orientera om verksemda til bedrifta.

Sakspapir er vedlagt denne utsendinga der alle dokument er samla på ei PDF-fil.

Det vil også vera høve for nye medlemmer å vera med på møtet.
Innkallinga vert berre sendt ut som e-post.

Vel møtt!

Øystese 14. februar 2017.

Bertil Ove Skeie
Styreleiar.

Sakliste til årsmøtet med tilrådingar frå styret.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

- a. Innkalling sendt på e-post 25. januar og sakspapir den 14. februar.

2. Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.

- a. Møteleiar
- b. Referent:
- c. Underskrift på møtebok

3. Årsmelding og rekneskap 2016.

- Tilråding frå styret : Årsmelding og rekneskap for 2016.

Vedtak:

Styret gjekk gjennom forslag til årsmelding og rekneskap og vil tilrå at dette vert lagt fram for årsmøtet til godkjenning.

4. Budsjett for 2016.

- Eit framlegg til budsjett vart lagt fram som viser eit overskot for 2017 på kr 75.000,-.
Vedtak:
- *Framlegget til budsjett vert lagt fram for årsmøtet, men kan verta justert dersom det kjem nye opplysningar innan den tid.*

5. Handlingsplan for våren 2017.

- okt 2016 – juni 2017 - Deltaking i meieriprojekt
- Kompensasjonsmidlar
- HEIMA-magasin.
- Reiselivskalender.
- ZIP-line
- Aktivitetsmanual for reiselivet
- Tour des Fjords 25. mai (Kr. Himmelfartsdag)
- Sesongavslutning med medlemsmøte.
- Datoar for komande styremøte må fastleggjast av det nye styret etter årsmøtet.

6. Medlemspengar for 2017

Desse satsane gjaldt i 2016.

- Privatperson: kr 500,00
- Firma 1 – 5 årsverk: kr 1.000,00
- Firma 6 –10 årsverk: kr 2.000,00
- Firma 11–25 årsverk: kr 4.000,00
- Firma 26–50 årsverk kr 8.000,00
- Firma + 50 årsverk kr 10.000,00

I tillegg til dette kjem mva.

Desse satsane har stått urørde frå oppstarten av KNR i 2005. Det må no planleggjast for ei framtid med mindre inntekter frå prosjektarbeid og kompensasjonsmidlar.

Vedtak:

Styret tilrår ein auke på 10% av medlemspengar i 2017.

7. Val. – styre, revisor og valnemnd.

Sjå vedlegg

8. Kåring av årets verksemd i Kvam 2016

Årsmelding for 2016

Org.nr 988 663 875

Styremøte og medlemsutvikling i 2016.

Det har vore halde 6 styremøte og handsama 52 saker i 2016. Alle styremøte er halde på Kvam Fruktlager. Medlemstalet er 108, som er det same som året før. Det har kome 2 nye medlemmer og det er 2 nedleggingar av medlemsbedrifter. Medlemene i Kvam Næringsråd i Kvam representerer 83,3% av omsetninga og 61,7 % av dei tilsette innan dei 100 største bedriftene i Kvam.

Saker under arbeid i 2016.

Vegar/samferdsle.

Eit møte samferdsle som tema vart arrangert i samarbeid med Kvam herad på Thon Sandven 11. april. Fullføring av Kvammapakken, Hordalandsdiagonalen og tunnelalternativ over/under Kvamskogen vart diskutert.

KNR gjennomførde i september ei meningsmåling mellom medlemene der synet på bompengar og tunnelloysing mot Kvamskogen vart klarlagt. Svarprosenten var 48. 84% kan godta forlenging av bompengerperioden med 5 år. 54% godtek bompengestasjonar sentralt i Kvam med kr 15 som sats. 61% vil ha tunnel til Kvamskogen mot 11% går inn for lang tunnel dersom ein må venta 15 – 20 år for den lange tunnelen.

Heradsstyret har seinare på hausten gått mot interne bomstasjonar i Kvam, og det er derfor mest sannsynleg at det no vert ei minimums rassikring i Tokagjel. Det vert derfor ikkje vesentleg forbetring på FV 7 mot Bergen før ut på 2030-talet dersom gjeldane overordna samferdsleplanar vert styrande.

HEIMA-magasin.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Norheimsund Næringslag, Øystese Næringslag og Kvam Næringsråd. Første nummer kom ut i mai/juni og det andre i september/oktober. Det vart fulldistribuert i Kvam og Jondal og sendt til heimeadresser til hytteigarar på Kvamskogen og Jondal og andre hytteigarar i Kvam der vi har tilgang på adresser. Opplag 7.500. Redaksjonelt arbeid og overskot gav kr 49.000 i kassen til KNR. Neste utgåve er planlagt til mars/april 2017 og vil også bli distribuert i Samnanger.

Kompensasjonsmidlar

Kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016 vart lyst ut samla med søknadsfrist 1. juli 2016. Handsaming av søknadane vert no gjort av Samarbeidsrådet i Sunnhordland som gjev innstilling til styringsgruppe og fylkesutval. KNR har medverka til å arrangera eit lokalt møte med næringslivet og å få fram saksopplysningar. Summen som skulle fordelast i år var kr 6.854.000. Etter at Fylkesutvalet hadde gjort vedtak i saka i november 2016 sto det att 2,5 mill som ikkje vart fordelt og dette er no lyst ut på nytt med søknadsfrist 30. januar 2017. KNR har utført arbeid for kr 31.700 med kompensasjonsmidlane som enno ikkje er utfakturert.

Medlemsmøte.

Den 7. juni hadde vi medlemsmøte på Akvasenteret i Steinstø. Akvakultur, næringshage, HEIMA-magasin og kommunestruktur stod på programmet. Møtekostnad og ein laksemiddag vart sponsa av Lingalaks AS.

Julemøtet var på Thon Sandven 13. desember. Inge Halstensen frå Bekkjærвик var her ein inspirerande kåsør om næringsutvikling på Austevoll før vi delte ein god juletallerken.

Andre prosjekt:

Meieriprojekt: KNR er med i ei arbeidsgruppe i næringsshagen som skal utgreia alternativ verksemd på meieriet etter at Tine flytter osteproduksjonen sommaren 2019.

ZIP-line: Planar for ein 2300 m lang ZIP-line frå Sæberg til Bjørketeigen er lansert og skal utgreiast i 2017. Det må søkjast om eksterne midlar for å gjera dette.

Kontor.

KNR har overteke NIH sitt kontor på Hardanger Brygge i Norheimsund og dagleg leiar skal framover dela arbeidstida mellom desse kontora.

Næringshagen i Hardanger.

Dagleg leiar har framleis tett samarbeid med NIH i dagleg arbeid og kan konstatere at arbeidet der er kome inn i eit godt spor. Arbeidsmengda aukar og det vil no verta tilsett ei ny person i NIH som kan avlasta dagleg leiar i rådgjeving og prosjektarbeid.

Det skal no gjennomførast ein emisjon i NIH og KNR aukar sin aksjepost frå kr 15.000 til kr 50.000.

Reiseliv/turstiar.

Tone Tveit har også i år oppdatert aktivitetsmanualen for medlemmer i KNR som driv innan reiseliv. Dei som bur på hytter og hotell, eller er innom turistinformasjonen får her god oversikt kva som finst av tilbod i Kvam. Denne manualen må oppdaterast kvart år. Det er også i 2016 gjort arbeid med merking av turstiar og utarbeiding av kart.

Eit nybygd toalett på Mundheim vart i juni stengt på grunn av usemje om kven som skulle betala for reinhald. For å unngå stenging midt i turist-sesongen betalte KNR kr 5.000 til Mundheim Grendalag for å halda toalettet ope i juni- juli og august.

Andre saker.

Årets verksemd i 2015 vart Kåre Neteland AS som fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd 1. mars 2016.

Økonomi.

Rekneskapet for 2016 syner eit overskot på kr 832,-

Kvam Næringsråd har kr 31.971 på bankkonto ved årsskiftet.

Uteståande krav er kr 345.867,- og leverandørgjeld er kr 8.146,-.

Samla godtgjersle til dagleg leiar i 2015 er kr 225.000,-.

Årets underskot vert dekkja av eigenkapitalen i KNR som 31.12. 2016 er kr 367.606,-

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd 2016:


Styreleiar, Bertil Ove Skeie, nestleiar, Gjermund Stuve,

Styremedlemer: Knut- Roger Sivertsen, Anne Marie Øvrevik, Runar Botnen

Varamedlemer: Gunnar Egil Seljebotn og Heidi Helgheim.

Revisor: Kjell Berge

Øystese 17. januar 2017.



Bertil Ove Skeie – leiar



Gjermund Stuve– nestleiar

Knut-Roger Sivertsen



Anne Marie Øvrevik



Runar Botnen

Balanse avd. 70 Annen næring

Konto	31.12.2016	31.12.2015
-------	------------	------------

Balanse

EIENDELER

1280 Kontormaskiner	2 731,20	2 731,20
1500 Utestående krav	330 002,25	287 022,25
1530 Gjernsidigestiftinga til turstiar	0,00	5 000,00
1920 Bank 3530 22 71222 Driftskonto	30 957,94	68 112,64
1930 Bank 3530.25.34215 Høgrente	1 014,00	1 517,00
1950 Bank skattetrekk 3530 23 33260	4,00	4,00
1960 Bank 3530.07.00835 Reiseliv drift	3,00	36 002,00
1970 Bank 3530.18.51977 Reiseliv skattetrekk	3 726,00	3 726,00
Sum eiendeler	368 438,39	404 115,09

GJELD OG EGENKAPITAL

2010 Næringshagen i Hardanger Aksjar	15 000,00	15 000,00
2050 Annen egenkapital	-401 878,60	-410 274,24
2400 Leverandørgjeld	7 719,00	-5 497,50
2740 Oppgjørskonto merverdiavgift	11 553,52	-11 738,99
Sum gjeld og egenkapital	-367 606,08	-412 510,73
Diff. eiendeler/gjeld og EK	832,31	-8 395,64

allstrenk
Ragnar Bjørnes
Ordfør Ole Skjelv

Resultatregnskap 2016

Kvam Næringsråd

	31.12.2016	31.12.2015
Driftsinntekter og driftskostnader		
3110 Salg av kart og trykkaker	4 123	4 692
3111 Salg av aktivitetsmanual	1 240	0
3440 Offentlig tilskudd	0	85 000
3450 Tilskudd fra andre	22 000	54 047
3460 Reklameinntekter	12 860	0
3470 HEIMA-magasin annonse 1. utgåve	384 000	0
3471 HEIMA-magasin annonse 2. utgåve	316 000	0
3480 HEIMA Redaksjonsarbeid - overskot	42 036	0
Salgsinntekter	782 259	143 739
3510 Serviceavgift /medlemspengar	237 500	214 500
3520 Reklamesalg	0	4 000
3600 Prosjektleiing kompensasjonsmidlar	30 734	0
3606 Prosjektleiing Næringshage	0	177 607
3610 Turstiar - tilskot	71 250	37 500
3612 Kurs og kompetanseheving	0	25 000
3613 Vedlikehald av Visit Kvam	0	20 000
3615 Deltakarbetaling på møte	4 200	3 695
3620 Annen inntekt	-200	69 798
3630 Utleige av kontor	0	-6 000
3900 Annen driftsrelatert inntekt	0	2 511
Annen driftsinntekt	343 484	548 611
Sum driftsinntekter	1 125 743	692 350
6300 Leie kontor	19 907	21 037
6390 Annen kostnad lokaler	7 142	0
6540 Maskiner og inventar	2 663	2 320
6541 Skilt og utstyr til turløyper	43 709	12 979
6542 Utsyr til reiseliv	0	2 041
6543 Film bilete og TV	3 000	9 640
6544 HEIMA - 1. utgåve kostnader	379 572	0
6545 HEIMA - 2. utgåve kostnader	296 902	0
6701 Dagleg leiar honorar	225 000	240 000
6705 Honorar styreleiar	12 000	20 000
6710 Konsulent og fagleg hjelp	0	195 957
6790 Løn til arbeid med turstiar	1 422	28 028
6800 Kontorrekvisita	4 918	3 461
6810 Data/EDB- kostnad	10 292	4 089
6820 Trykksak	24 191	11 852
6830 Heimeside	0	30 014
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	37 892	25 205
6861 Årsmøtekostnad	3 315	2 520
6940 Porto	1 600	274
7110 Bilgodtgjerdsle ikkje oppgavepliktig	0	8 532

Resultatregnskap 2016

Kvam Næringsråd

	31.12.2016	31.12.2015
7160 Matinnkjøp	86	4 507
7320 Reklamekostnad/annonser	13 544	43 921
7360 Representasjon	1 300	3 075
7400 Kontingenter	28 688	16 248
7420 Gaver	8 180	6 097
7740 Øredifferanse	1	-1
7770 Bank- og kortgebyrer	213	532
7790 Annen kostnad	0	74
7830 Konstaterte tap på krav og medlemspengar	-575	8 904
Annen driftskostnad	1 124 963	701 306
Sum driftskostnader	1 124 963	701 306
Driftsresultat	780	-8 956
Finansinntekter og finanskostnader		
8040 Renteinntekt	52	560
Annen renteinntekt	52	560
Resultat av finansposter	52	560
Resultat før skattekostnad	832	-8 396
Ordinært resultat	832	-8 396
Ekstraordinære inntekter og kostnader		
Årsoverskudd (Årsunderskudd)	832	-8 396
Overføringer		

Til styret i Kvam Næringsråd

Eg har etter beste skjønn revidert rekneskapen for Kvam Næringsråd for året 2016, og stadfestar at dette gjev eit rett bilete av laget sin økonomiske situasjon pr 31.12.2016.

Bokført saldo i bank samsvarar med kontoutskrift pr 31.12.2016.

Strandebarm 31.01.2017

Kjell Berge
5630 Strandebarm



Budsjett for Kvam Næringsråd 2017

	2017	Res. 2016
3400 Salsinntekter (kalender mm.)	100 000	43 059
3410 Sal av kalender	40 000	
3470 HEIMA-magasin	800 000	739 000
3510 Medlemspengar	280 000	237 500
3600 Kompensasjonsmidlar .		30 734
3606 Prosjektinntekter	20 000	
3610 Tilskot turstiar	50 000	71 250
3620 Andre inntekter/tilskot	22 000	4 200
Samla inntekt	1 312 000	1 125 743
6300 Kontor/maskin inventar	50 000	29 700
6540 Turstiar og reiseliv	40 000	46 700
6544 Heima - utgifter	700 000	676 500
6620 Rep. og vedlikehald	1 000	
6701 Dagleg leiar	240 000	225 000
6705 Styrehonorar	12 000	12 000
6790 Arbeid med turstiar	40 000	1 422
6800 Rekvisita, Data,	30 000	31 183
6810 Trykksaker - kalender	20 000	
6860 Møte, årsmøte, porto	30 000	37 892
7100 Køyregodtgjerdsle	5 000	
7230 Reklame og annonser	10 000	13 500
7340 Annonser / reklame / mat /repr.	20 000	14 000
7400 Kontingentar	12 000	28 688
7420 Gåver/ tilskot til andre	10 000	8 180
7790 Gebyr m.m.	2 000	198
Sum driftskostnader	1 222 000	1 124 963
Driftsresultat	90 000	780
8040 Renteinntekt		52
Rekneskapsresultat	90 000	832

Innstilling frå valnemnda i Kvam Næringsråd til årsmøtet 21. februar 2016

Styremedlem: Anne Marie Øvrevik ikkje på val

Styremedlem: Runar Botnen attval ikkje på val

Ny styremedlem: Connie Langeland - Bukken AS - 2 år

Ny styremedlem: Jahn Brattli Tolo - Norheimsund Fargehandel AS - 2år

Ny styremedlem: Erlend Haugarvoll - Lingalaks AS - 2 år

Varamedlemer:

1. Gunnar Egil Seljebotn attval
2. Heidi Helgheim attval

Revisor: Kjell Berge 1 år. Attval

Valnemnda har ikkje gjort innstilling på val av styreleiar og nestleiar.

Øystese 14. februar 2017

Leif Gjerde

Henrik Steine

Anne Grete Berge